

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Styret for Fagskolen Vestland</b>
<b>Møtestad:</b>	Nettmøte
<b>Dato:</b>	07.04.2026
<b>Tid:</b>	Kl. 14:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet blir meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melde forfall, blir dei bedne om å gjere dette snarast til [Ingrid.Fagerheim.Settem@vlfk.no](mailto:Ingrid.Fagerheim.Settem@vlfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Styret for Fagskolen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

### Program

Kl. 14:00 Sakshandsaming

**Oddmund Klakegg**

Styreleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
GK 03/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	

### **Vedtaksaker**

VS 05/26	Årsrekneskap 2025, prosjekt 2025 og budsjett 2026	2022/486	
VS 06/26	Årsmelding 2025 for Fagskulen Vestland	2022/486	

### **Eventuelt**

---

**Saksnr:** 2022/486-259**Saksbehandlar:** Lars Arne Førde

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 05/26	07.04.2026

## Årsrekneskap 2025, prosjekt 2025 og budsjett 2026

### Forslag til vedtak

1. Styret tek årsrekneskap for 2025 til orientering, og vedtek budsjett for 2026 som det kjem fram av saka.

### Samandrag

Rekneskapstala for Fagskulen Vestland i 2025 viser eit mindreforbruk på ca 7,5 mill. Hovudårsaka til mindreforbruk er ekstra statlege tilskot og generelt god drift og styring gjennom året.

Budsjett 2026 er gjort opp i balanse.

Torbjørn Mjelstad  
rektor

Lars Arne Førde  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

#### Årsrekneskap

Rekneskapstala for Fagskulen Vestland for 2025 viser eit mindreforbruk på ca. kr 7,5 mill mot ca kr 4,3 mill året før. Hovudårsaka til mindreforbruket er ekstra statlege tilskot og generelt god drift og styring gjennom året.

Årsregnskap:	2 025	2 024
Tilskott (statleg)	167 596 850	153 379 510
Tilskott (VLFK)	20 060 750	21 213 000
Studieavgift	7 235 500	6 822 170
Administrasjon og leiging	(26 745 173)	(25 693 380)
Undervisning inkl undervisningsleiare	(153 175 159)	(153 805 274)
Overført til investeringar	(9 143 456)	(436 706)
Oppdragsverksemd	2 325 586	1 479 260
Årsoppgjersdisposisjonar - meirforbruk 2023	-	(1 631 714)
<b>Prosjekt i arbeid:</b>		
Overført frå bundne fond	35 409 264	28 131 395
Endring i prosjekter i arbeid	19 758 535	10 206 371
Overført til bundne fond	(55 842 795)	(35 409 264)
<b>Mindreforbruk</b>	<b>7 479 902</b>	<b>4 255 368</b>

#### Investeringsrekneskap:

	2 025	2 024
Investeringsmidlar (tilskott VLFK)	876 000	932 000
Overført frå driftsrekneskapet	9 143 456	436 706
<b>Totalsum investeringar (drift og prosjekter) - både undervisning og administrasjon</b>	<b>10 019 456</b>	<b>1 368 706</b>

#### Tilskotsoversikt:

Tekst	Statleg tilskot	VLFK	Totalt
Tilskot	159 652 737	20 060 750	179 713 487
Styrking driftstilskot	5 000 000	-	5 000 000
Styrking gjennom midlertidige studiar	900 000	-	900 000
Nye studie plassar	2 044 113	-	2 044 113
	<b>167 596 850</b>	<b>20 060 750</b>	<b>187 657 600</b>

Oversikt over prosjektmidler 2025

Fagskulen Vestland søker kvart år ekstern finansiering til nye prosjekter, og i 2025 fekk skulen innvilga totalt kr. 28,9 mill. i tilskot til 15 nye prosjekt. Prosjekta omfattar både utvikling og/eller drift av nye utdanningar, kompetanseheving av tilsette, innkjøp av utstyr og internasjonalt samarbeid. Fleire av prosjekta har krav til eigenandel. Ved årsskiftet 2025/2026 omfattar prosjektporteføljen vår 36 aktive prosjekt knytt til ulike einingar ved skulen, og samla er prosjektporteføljen på kr. 55,8mill.

Prosjektnamn	Tilskotsgivar	Tilskot, NOK
Handverksysting	Landbruksdir.	2 000 000
Havbrukshorisont 2.0	HK-dir	1 522 245
Frå fagarbeider til innovatør	HK-dir	1 375 000
Næringslab	HK-dir	2 277 500
Portabelt maskineringsutstyr	HK-dir	2 000 000
Energieffektivisering og automasjon i bygg	HK-dir	985 000
Oppgradering boresimulator	HK-dir	650 000
Oppgradering av brosimulator	HK-dir	4 550 000
Målretta bruk av kunstig intelligens	HK-dir	1 705 012
Solenergi, lagring og fleksibilitet	HK-dir	5 000 000
Leiging på byggeplass for fagarbeidar	HK-dir	1 850 000
Teamleiiing for fagarbeidar	HK-dir	2 645 618
Berekraftig reiseliv	VLFK	400 000
Erasmus+ mobilitet 25-26 (finansiering i EURO)	HK-dir	1 227 600
Senter for nyskapende utdanningar (SNU)	Samarb. med Fagskolen	720 000
<b>Til saman</b>		<b>28 907 975</b>

**Budsjett 2026**

	2026	Kommentarar
Tilskot (statleg)	173 732 000	
Tilskot (statleg - nye studieplassar haust 2026)	6 500 000	
Tilskot (statleg - midlertidige studiar)	3 500 000	1)
Tilskot (VLFK)	12 415 000	2)
Studieavgift	6 900 000	
Administrasjon og leiging	(39 380 526)	4)
Undervisning inkl undervisningsleiare	(164 951 800)	
Oppdragsverksemd	1 285 326	3)
<b>Totalt</b>		-

- 1) Det er ingen forpliktande kontrakt eller utbetaling frå VLFK. Midlar blir utbetalt basert på planar, studietilbod og studiepoeng-produksjon ved Fagskulen. Denne post er usikker i forhold til utbetaling.
- 2) Det er ein reduksjon frå 2025 på kr 9,1 mill knytt tilskot og midlertidige studiar.
- 3) Det er sett av midlar til opplæring av nye kurshaldare.
- 4) Det ligger inne kr 7,8 mill som ikkje er fordelt i budsjettet. Desse skal dekkje usikkerheit som ligg i punkt 1, samt andre uventa poster, sjå også kommentar under «anna».

Anna:

Det er søkt om utviklingsmidlar i 2026, og utfallet av søknadene er framleis usikkert. I søknadene ligg det inne ein eigenandel på kr 5,1 mill. Dette er ein potensiell økonomisk forpliktning som Fagskulen må ta dersom søknadene blir godkjende. Det er også mogleg at eigenandelen kan løysast ved å bruke ledige ressursar internt hos Fagskulen. På nåverande tidspunkt er det ikkje

mogleg å føreseie korleis eigenandelen eventuelt blir løyst internt, eller om dette vil medføre auka kostnader som ikkje er tekne høgde for i budsjettet. Historisk har ledige driftsressursar blitt allokert til prosjekt (statlege bundne midlar). Det ligg derfor eit potensiale i noverande budsjett ved at ledige ressursar - og dermed driftskostnader - kan bli belasta prosjekta og betre resultatet til Fagskulen. Dette føreset god prosjektstyring og ressursallokering.

Disponible fondsmidlar:

Disponible akkumulerte fondsmidlar som takast med inn i 2026 er kr 7,8 mill, dette kjem i tillegg til budsjettet ovanføre.

Disponible utstyrsmidlar:

Disponible utstyrsmidlar for 2026 tildelt frå Vestlands fylkeskommune er ca kr 850-900 000.

### Vedtakskompetanse

Styret er øvste styringsorgan for Fagskulen Vestland jf. fagskulelova § 9. Av vedtektene til fagskulestyret, § 2-1 andre ledd, er styret økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning ved skulen. Styret er også ansvarleg for kursverksemd og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk.

### Konklusjon

Rektor vil tilrå at rekneskapen for 2025 vert teke til orientering og at budsjettet for 2026 vert vedteke slik det kjem fram av saka.

---

**Saksnr:** 2022/486-258**Saksbehandlar:** Ingrid Fagerheim Sættem

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 06/26	07.04.2026

## Årsmelding 2025 for Fagskulen Vestland

Forslag til vedtak

1. Årsmelding 2025 for Fagskulen Vestland vert teke til orientering og sendt til skuleeigar.

### Samandrag

I denne saka vert Fagskulen Vestland si årsmelding for 2025 lagt fram for handsaming i styret. Årsmeldinga viser dei viktigaste aktivitetane gjennom året, samt årsrekneskap for 2025. I tråd med fagskulestyret sine vedteker skal årsmeldinga sendast til skuleeigar.

Torbjørn Mjelstad  
rektor

Ingrid Fagerheim Sættem  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Årsmelding 2025 for Fagskulen Vestland

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I denne saka vert Fagskulen Vestland si årsmelding for 2025 lagt fram for handsaming i styret. Årsmeldinga viser dei viktigaste aktivitetane gjennom året, og tek mellom anna for seg organiseringa og drifta av Fagskulen Vestland, fagskulestyret, kvalitet og strategi for fagskulen, samt årsrekneskap for 2025.

### Vedtakskompetanse

I tråd med styrevedtektene for fagskulestyret, fastsett av fylkestinget, skal årsmeldinga sendast til skuleeigar:

#### **§ 2-2 Ansvar og oppgåver**

9. Styret skal utarbeide og leggje fram ei årsmelding for fylkesutvalet kvart år. Årsmeldinga skal gå vidare som melding til fylkestinget seinast innan juni. Styreleiar skal i samband med årsmeldinga orientere fylkestinget om utviklinga ved fagskulen.

### Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at styret tek Fagskulen Vestland si årsmelding for 2025 til orientering, og at meldinga vert sendt til skuleeigar.

# Verdiskaping, innovasjon og kompetanse



Foto: Aker Solutions AS Stord

## Årsmelding 2025

## Innhold

1.0 Fagskulen Vestland .....	3
2.0 Økonomi .....	3
2.1 Årsrekneskap 2025 .....	3
2.2 Prosjektmidlar .....	3
2.3 Nye studieplassar .....	4
2.4 Studenttal og studiepoengproduksjon .....	4
3.0 Styret for Fagskulen Vestland .....	4
3.1 Aktivitetar og viktige saker .....	4
3.2 Akkreditering .....	5
3.3 Lokal klagenemnd .....	6
4.0 Kvalitet i utdanninga .....	7
4.1 Praktisk landmåling på timeplanen .....	7
4.2 Kvalitetsprisen 2025 .....	8
4.3 Innovasjon, verdiskaping og kompetanse .....	8
4.4 Fagarbeidaren i fokus - innovasjon på rett nivå .....	9
4.5 Internasjonalisering .....	11
5.0 Marknadsføring og synlegheit .....	13
5.1 Maritim karrieredag .....	13
5.2 Samarbeid med forsvaret .....	13
6.0 Fagskulen Vestland som kompetansepolitisk verkemiddel .....	14
7.0 Tabellar .....	16
7.1 Økonomi .....	16
7.2 Nye studieplassar .....	17
7.3 Studenttal og studiepoengproduksjon .....	18
7.4 Organisasjons- og leiarstruktur .....	18

## 1.0 Fagskulen Vestland

Fagskulen Vestland er ein av dei største offentlege fagskulane i Noreg, og har åtte studiestader spreidd i Vestland fylkeskommune. Fagskulen har eit breitt fagleg tilbod av høgare yrkesfagleg utdanning, med både korte og lengre utdanningar på inntil 120 studiepoeng. Hausten 2025 var det om lag 2200 studentar ved fagskulen og 190 tilsette. Fagskulen hadde eit budsjett på 198 millionar kroner i 2025.

## 2.0 Økonomi

### 2.1 Årsrekneskap 2025

Rekneskapstala for 2025 viser eit mindreforbruk på om lag 7,5 millionar kroner, mot om lag kr 4,3 millionar året før. Hovudårsaka til mindreforbruket er ekstra statlege tilskot og god drift og styring gjennom 2025.

Fagskulestyret er oppteke av at Fagskulen Vestland driv godt og har god drift. Av fagskulen sitt budsjett på 198 millionar kroner utgjer driftstilskotet frå fylkeskommunen om lag 10 %. Mindreforbruk utover 4 % av totalbudsjettet vert trekt inn. Utan denne regelen, kunne disposisjonsfondet til Fagskulen Vestland vore om lag fire millionar kroner større ved inngangen til 2026.

Fagskulen auka studiepoengproduksjonen med om lag 10.000 studiepoeng frå 2024 til 2025. Dette betyr ein auke i dei statlege midlane på om lag kr 3,3 millionar. Fagskulen Vestland har den høgaste produksjonen i landet samanlikna med andre offentlege fagskular. Dette viser at fagskulen leverer god kvalitet på utdanningane og har eit topp motivert pedagogisk lag som jobbar aktivt med studentane.

Det vert vist til kapittel 7 for ei oversikt over årsrekneskap for 2025, investeringsrekneskap og tilskot.

### 2.2 Prosjektmidlar

Fagskulen Vestland søker kvart år ekstern finansiering til nye prosjekt. I 2025 fekk fagskulen innvilga totalt kr 28,9 millionar i tilskot til 15 nye prosjekt. Prosjekta omfattar både utvikling og/eller drift av nye utdanningar, kompetanseheving av tilsette, innkjøp av utstyr og internasjonalt samarbeid. Fleire av prosjekta har krav til eigenandel. Ved årsskiftet 2025/2026 omfatta prosjektporteføljen 36 aktive prosjekt knytt til ulike einingar ved fagskulen, og samla er prosjektporteføljen på kr 53,1 millionar. Det vert vist til kapittel 7 for ei oversikt over nye prosjekt med ekstern finansiering i 2025.

## 2.3 Nye studieplassar

Over statsbudsjettet for 2025 vart det løyvd 500 nye studieplassar til fagskulesektoren. Fagskulen Vestland søkte fylkeskommunen om nye studieplassar i november 2024 med oppstart hausten 2025. Fagskulen fekk innvilga om lag 49 nye studieplassar. Det vert vist til kapittel 7 for ei oversikt over søknad og tildeling av nye studieplassar.

## 2.4 Studenttal og studiepoengproduksjon

### Utvikling 2024 - 2025

*God auke i produksjonen - aukar tilskotet med om lag 3,3 millionar kroner*

Fagskulen Vestland har ein studenttalsvekst på om lag 5 % frå 2024 til 2025. Det er ikkje unaturleg at veksten flatar noko ut etter fleire år med over 10 % vekst. Veksten kjem anten gjennom oppretting av ny tilbod eller at fyllingsgraden i eksisterande tilbod aukar. Fagskulen søkte fylkeskommunen hausten 2025 om 158 nye studieplassar.

Finansieringsmodellen til fagskulane er lagt opp til at ein får 80 % grunntilskot + 20 % i produksjonstilskot. Produksjonstilskotet vert utløyst når ein student har fullført og bestått ei utdanning. Det vert vist til kapittel 7 for ei oversikt over studenttal og studiepoengproduksjon.

## 3.0 Styret for Fagskulen Vestland

Styret er det øvste styringsorganet for Fagskulen Vestland. I 2025 hadde styret 10 medlemmar. Styret er med heimel i fagskulelova mellom anna ansvarleg for kvaliteten i utdanningane, drift og dimensjonering av utdanningstilbodet ved fagskulen og studentane sitt fysiske og psykososiale arbeidsmiljø.

### 3.1 Aktivitetar og viktige saker

I 2025 vart det gjennomført seks ordinære og to ekstraordinære styremøte. Kvart år er det fleire faste saker som skal handsamast av styret, til dømes budsjett, rekneskap, tilbodsstruktur og kvalitetsmelding. Andre viktige saker som vart handsama i 2025 vert omtala i det følgande.

#### Ny studieforskrift

Ny studieforskrift for Fagskulen Vestland vart vedteke i styremøte 7. mars 2025, med ikraftsetjing 1. august 2025. Formålet med ny studieforskrift var å etablere eit klart og utfyllande regelverk for studentar og tilsette, heve kvaliteten ved fagskulen, styrke studentane sine rettar og sikre likehandsaming og føreseielegheit.

## Høyring om institusjonsakkreditering

I 2025 sendte fagskulestyret høyringsuttale til forslag om endringar i fagskuleforskrifta om institusjonsakkreditering. Institusjonsakkreditering gjev fagskulen fullmakt til sjølv å opprette nye og endre eksisterande utdanningar innanfor alle fagområde. I høyringsnotatet føreslo departementet vilkår for institusjonsakkreditering av fagskular og sakshandsamingsreglane knytt til dette. I høyringsuttalen var det særleg viktig for fagskulestyret å formidle dei økonomiske og administrative konsekvensane av ordninga med institusjonsakkreditering.

### Høyringsuttalar

Endringar i fagskuleforskrifta om institusjonsakkreditering
Regional plan for verdiskaping og kompetanse

Tabell 1: Høyringsuttalar frå fagskulestyret i 2025.

## Mandat for læringsmiljøutval

Eit av vilkåra for institusjonsakkreditering er at fagskulen skal ha eit læringsmiljøutval (LMU). Læringsmiljøutvalet skal vere styrets rådgjevande organ i saker om studentane sitt læringsmiljø. Utvalet skal sikre studentmedverknad og bidra til eit godt fysisk, psykososialt, digitalt, organisatorisk og pedagogisk læringsmiljø. Mandat for utvalet vart vedteke av fagskulestyret hausten 2025.

## 3.2 Akkreditering

Fagskulen fekk tidleg i 2025 akkreditering for fagområdet *helse*, og har med dette to fagområdeakkrediteringar – *helse* og *teknisk*.

Fagområdeakkreditering gjev fagskulen v/styret fullmakt til sjølv å opprette nye og endre eksisterande utdanningar innanfor dei akkrediterte fagområda.

I 2025 har fagskulen hatt høg aktivitet knytt til utvikling, akkreditering og vidareutvikling av studietilbod innan dei akkrediterte fagområda. Arbeidet har vore forankra i kvalitetssystemet til skulen og gjennomført i tett dialog med arbeidslivet, med mål om å sikre relevante, praksisnære og framtidsette utdanningar.

### Styret for Fagskolen Vestland

#### Oddmund Klakegg

Leiar

Eigarrepresentant (Sp)

#### Karianne Alette Torvanger

Nestleiar

Eigarrepresentant (Ap)

#### Tora Hodneland Kildehaug

Medlem

Eigarrepresentant (H)

#### Gustav Bahus

Medlem

Eigarrepresentant (Frp)

#### Bård Sandal

Medlem

Eigarrepresentant (Adm.)

#### Bjørn Lyngedal

Medlem

Eigarrepresentant (Adm.)

#### Helene Frihammer

Medlem

Arbeidslivsrepresentant (NHO)

#### Nils Petter Støyva

Medlem

Arbeidslivsrepresentant (LO)

#### Trond Vedvik

Medlem

Tilsettrepresentant

#### Leon Gaebpie Jensen

Medlem

Studentrepresentant

Tabell 2: Styret for Fagskolen Vestland pr. 31.12.2025.

I 2025 akkrediterte fagskulestyret følgande nye utdanningar:

Utdanning
Akutt og kronisk sjuke: observasjon, vurdering og handtering (60 stp.)
Barn og unge si psykiske helse (60 stp.)
Energieffektivisering og automasjon i bygg (40 stp.)
Fartøyvern (60 stp.)
Praksisnær rettleiing i helse- og omsorgstenestene - frå kunnskap til handling (10 stp.)
Robotteknologi, digitalisering og additiv tilvirkning (30 stp.)
Solenergi (120 stp.)

Tabell 3: Oversikt over akkrediterte utdanningar i 2025.

Desse utdanningane styrkar den samla studieporteføljen og svarar på dokumenterte kompetansebehov innan mellom anna grøn omstilling, teknologisk utvikling, helsefagleg spesialisering og fagutvikling i tenestene.

Til sist har fagskulen gjennom 2025 arbeidd med søknad om ny fagområdeakkreditering innan fagfeltet *Matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi*. Dette er eit heilt nytt fagområde som femnar berekraftig matproduksjon, lokal verdiskaping og heilskapleg ressursutnytting.

### 3.3 Lokal klagenemnd

Fagskulen Vestland samarbeider med Kunstskolen i Bergen og yrkesdykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet om felles klagenemnd. Fagskulen Vestland har sekretariatsfunksjonen for klagenemnda.

Nøkkeltal 2025	
Tal møte	3
Tal fuskesaker	2
Tal klagesaker	2
Tal klager til nasjonal klagenemnd	2
Resultat 2025	
Fusk (annullering/utestenging eitt semester)	2
Klage (ikkje medhald)	2
Stadfesting av vedtak i nasjonal klagenemnd	2

Tabell 4: Oversikt over saker i lokal og nasjonal klagenemnd i 2025.

## 4.0 Kvalitet i utdanninga

Visjonen til Fagskulen Vestland er å vere «den føretrekte tilbydaren av kompetanse for det verdiskapande arbeidslivet i Vestland».

Fagskulen hentar jamleg inn statistikk kring dette temaet. Særleg er brukarundersøkingane Studiebarometeret og Lærarundersøkinga brukt. Fagskulen manglar gode data på arbeidslivets kompetansebehov, og må i desse samanhengane støtte seg på dei større nasjonale undersøkingane som t.d. NHO sitt Kompetansebarometer og NIFU sin kandidatundersøking som nokre av kjeldene. Desse treffer, men ikkje godt nok ned på detaljnivå om kva behovet for kompetanse er i dei einskilde verksemdene i Vestland og i kor stor grad ein er nøgd med kvaliteten som Fagskulen Vestland leverer til deira behov. Fagskulen jobbar også sjølv med kompetansekartlegging i dialog med verksemdene.

Fagskulen Vestland leverer kvart år ein rapport til fagskulestyret om kvaliteten i utdanningane. Fagskulestyret er oppteke av at dei tiltaka som fagskulen set i verk treffer arbeidslivets kompetansebehov i Vestland. I dette kapittelet er det trekt fram nokre døme på gode resultat av kvalitetsarbeidet.

### 4.1 Praktisk landmåling på timeplanen

Utdanningsleiar Atle Østrem har inngått samarbeid med Avdeling for infrastruktur og veg, Seksjon for vegdata, om undervisning i landmåling:

– Lærarane ved byggavdelinga har kompetanse til å undervise i landmåling på eit grunnleggande nivå, men for å sikre god nok kvalitet treng vi fagfolk som jobbar med dette på profesjonelt nivå. Dei har med seg det siste og mest moderne utstyret, og gir studentane opplæring som elles ikkje hadde vore tilgjengeleg, seier Østrem.

Dei to geomatikarane, Christian Fink og Laurits Bertelsen, meiner samarbeidet fungerer godt.

– Eg vil trekke fram seksjonsleiaren min, Jan Ove Stadheim. Han har vore ein viktig pådrivar for at dette gode samarbeidet har kome i stand. Når eg og Laurits fekk førespurnad om å vise studentane litt om landmåling, var vi ikkje i tvil. Vi har jobba i mange år ute på anlegg, har kapasitet og utstyr, og synest det er eit fornuftig og positivt samarbeid. Heilt konge, rett og slett, seier Fink engasjert.



Foto: Fagskulen Vestland

Studentane frå 2. år bygg uttrykker stor begeistring for undervisninga:

– Det er heilt supert å få opplæring av fagfolk som jobbar med dette til dagleg, konstaterer ein av studentane, før merksemda igjen vert retta mot totalstasjonen og måleinstrumenta lenger nede i vegen.

Denne teksten er ein kortversjon av eit intervju publisert på fagskulen sitt intranett.

## 4.2 Kvalitetsprisen 2025

*Samarbeid om verdiskaping, innovasjon og kompetanse - ein modell for framtidens fagskule*

Samarbeid med arbeidslivet er ein viktig indikator på kor godt fagskulen svarar på oppdraget sitt. I 2025 vart Fagskulen Vestland kåra til landets beste fagskule gjennom HK-dir sin årlege kvalitetspris.



Foto: Fagskulen Vestland

Stordmodellen bygger på eit langvarig og målretta samarbeid mellom Fagskulen Vestland og industrimiljøet på Stord, med Aker Solutions i spissen. Modellen gjev fagarbeidarar eit skreddarsydd utdanningstilbod som er praksisnært, relevant og som gjev regionen tilgang på kritisk teknisk kompetanse. Det er viktig i ei tid prega av grøn omstilling og endra produksjonsvilkår. Kjernen i modellen er den tette integrasjonen av teori og praksis.

## 4.3 Innovasjon, verdiskaping og kompetanse

I fjor haust starta fagskulen opp med endå ei ny utdanning knytt til Stordmiljøet. Utdanninga er på 10 studiepoeng, er del av ei fagarbeidarspesialisering på 30 studiepoeng, og inngår som ein viktig byggekloss i å bidra til omstilling og innovasjon for verksemder i Sunnhordlandsregionen. 23 studentar starta i oktober, og 21 fullførte og bestod.

Utdanninga tek føre seg bruk av industrielle robotar, programmering, simulering og styring. Studentane tek dette i bruk i eigen praksis. Utdanninga er med på styrke Stordmodellen.



Foto: Fagskulen Vestland

#### 4.4 Fagarbeidaren i fokus - innovasjon på rett nivå

Det å løfte fagarbeidaren har vore ei tydeleg satsing frå sentrale myndigheiter. Industrifagskulen, bransjeprogram og midlar til fleksibel og desentralisert utdanning er alle ordningar med dette som utgangspunkt. Fagskulen Vestland er tungt inne i mange prosjekt som skal gje fagarbeidaren meir kompetanse og verksemder auka innovasjon og omstillingskompetanse.

#### Yrkesnær KI – kompetanse med direkte effekt

NHO etterlyser kompetanse på korleis KI kan takast i bruk for å auke verdiskaping i næringslivet. KI-utdanninga ved Fagskulen Vestland er praksisretta og svarer direkte på dette behovet. Utdanninga gjev fagarbeidarar, teknikarar, ingeniørar og leiarar kompetansen dei treng for å dra nytte av KI. Erfaringane frå studiet viser at denne tilnærminga kan bidra til betre avgjerder, høgare kvalitet og auka innovasjon – både i daglege oppgåver og i meir komplekse prosessar. Utdanninga på fem studiepoeng er veldig populær, og har trekt fulle klassar fleire gonger i året.

#### Fleire bedrifter har fått auka kompetansen gjennom nytt samarbeid

I eit samarbeid mellom Studiesenter Kysten og fagskulen i Måløy har tilsette og underleverandørar ved Stadyard utdanna seg innan prosjektplanlegging for leverandørindustrien. Utdanninga er på 10 studiepoeng og tek føre seg heilt konkrete prosjekt frå A til Å.

Tilbakemeldingar frå både studentar og bedrift er særst gode.

– Dette var ei god erfaring. Vi hadde leita ei stund etter ei utdanning innan prosjektarbeid som var direkte relevant for oss som skipsverft. Det var lett å finne studiar innan prosjektleiing, men det var ei utfordring å finne eit som var bransjerelatert, og som kunne takast i våre lokale, sa Glenn Paris, HR-ansvarleg hos Stadyard i eit intervju med Fjordenes Tidende.



Foto: Privat

## Utvikling av kurs i Dynamisk posisjonering

*Verdiskaping og innovasjon – prosjekt Shallow water – innovasjon i verdsklasse*




Foto: Fagskolen Vestland

Dynamisk posisjonering handlar om korleis riggselskapa kan nytte flyteriggjar på grunnare vatn enn dei gjer i dag. Prosjektet heiter Shallow Water. Det vert øvd på korleis ein kan drive oljeutvinning utan ankerfortøying, men ved hjelp av GPS-signal. Dette bidreg til ei grønar oljeutvinning, då ein slepp fire til seks ankerskip.

Det er gjennomført kurs der mannskap frå ulike riggar har roller både på navigasjonssimulatoren og boresimulatoren samtidig. Dette er avanserte øvingar på tvers av fag, og på denne måten får ein trent på store delar av eit realistisk prosjekt i eit realistisk arbeidsmiljø. Tilbakemeldingane frå prosjektet har vore svært positive. Dette er innovasjon i verdensklasse.

#### 4.5 Internasjonalisering

##### Auka mobilitet – auka kvalitet

I 2025 fekk Fagskulen Vestland akkreditering for Erasmus+ mobilitet innan fag- og yrkesopplæring, noko som er ei viktig anerkjenning av fagskulen sitt systematiske arbeid med kvalitetsutvikling og auka internasjonalt samarbeid. Akkrediteringa og tildeling av mobilitetar gjev fagskulen moglegheit til deltaking i internasjonalt samarbeid, med føreseieleg finansiering til mobilitet for tilsette og – etter kvart – studentar.

Alle dei internasjonale prosjekta som fagskulen er aktiv i har det grønne skiftet som eit berande element. Både CaBatt-prosjektet (batteri) og H2CoVE-prosjektet (hydrogen) bidreg til omstilling og kompetansebygging i overgangen frå fossile til grønne energiløysingar. Det tredje internasjonale prosjektet som fagskulen er aktiv i, Fare Green, fokuserer på berekraftig og regenerativ småskalaturisme, og styrker fagskulen si rolle i satsinga på grønne næringar kor fokuset er sirkulær økonomi og forsvarleg ressursforvaltning.

Fleire tilsette ved fagskulen har delteke på kurs og fagnettverk i Sverige, Island, Tsjekia, Finland og Danmark. Fagskulen har også teke imot lærarar frå ei rekke europeiske land for jobbskygging, noko som styrker faglege relasjonar og erfaringsutveksling. Fagskulen har blitt medlem i Chain5, eit europeisk nettverk for nivå 5-utdanning, som gjev tilgang til erfaringsdeling, fagleg utvikling og internasjonale utviklingsprosjekt.

I samband med Vestland fylkeskommune sitt arbeid med ny internasjonal strategi, har fagskulen medverka aktivt til å sikre at Fagskulen Vestland vert omtala som ein viktig premissleverandør for utdanning og kompetanse for eit arbeidsliv i rask endring.

##### Erasmus+ – ei dør til nye læringsopplevingar

Å delta på kurs i utlandet gjev meir enn fagleg påfyll. Du får møte kollegaer frå andre land, utveksle erfaringar og sjå korleis andre jobbar med dei same utfordringane. Det gjev nye perspektiv, inspirasjon og ofte varige samarbeid.

Gjennom Erasmus+ kan tilsette i yrkesfagleg utdanning få støtte til reise, opphald og kursavgift – og samtidig bli ein del av eit europeisk nettverk for fagleg utvikling. Hausten 2025 reiste fleire lærarar til Tsjekia for å delta på eit internasjonalt kurs om batteri i bilindustrien. Kurset samla rundt 40 yrkesfaglærarar og fagpersonar frå heile Europa, og vart arrangert av det Erasmus+-finansierte CaBatt-prosjektet, som fagskulen er partnar i.



Foto: Fagskulen Vestland

### Besøk frå Kroatia

Avdeling for maskin og prosess ved Nordnes fekk besøk av Dražen Šenjug frå Kroatia. Føremålet med besøket var jobbskygging knytt til undervisningsaktivitetar i relevante fag som er samanliknbare med det kroatisk utdanningssystemet.

Dražen underviser i mekaniske fag for elevar og studentar i alderen 14–20 år. Han var på jobbskygging både på vidaregåande og på fagskulen. Han har følgt ein klasse i maskinteknikk og ein klasse i prosess ved studiestaden. Desse utvekslingane er nyttig lærdom både for fagskulen og lærarar som kjem til fagskulen.



Foto: Fagskulen Vestland

## 5.0 Marknadsføring og synlegheit

Det har vore viktig for fagskulestyret å styrke og bygge merkevara Fagskulen Vestland.

Fagskulen fekk eigen logo for nokre år sidan, og fagskulen utviklar dette vidare i tråd med styret sitt ønske.

Ein grunnleggande tanke bak marknadsføringa er å halde fokus på å bygge merkevara Fagskulen Vestland. Fagskulen fokuserer på å fremje institusjonen og det vi tilbyr, heller enn å fremje enkeltutdanningar. Fagskulen arbeider med dette på ulike måtar.

Fagskulen Vestland lanserte nye nettsider 6. februar 2025, som eit ledd i å betre dra nytte av fagskulen sin nye grafiske profil. Nettsidene er betre tilpassa fagskulen sine behov, og bidreg til å gjere Fagskulen Vestland meir synleg som utdanningsinstitusjon. Dei nye nettsidene har blitt betre tilpassa søkemotoroptimalisering, noko som aukar sjansane for å rangere godt i søkemotorar. Dei som kjem inn på heimesida kjem frå Google (44 %), medan 40 % kjem direkte inn på nettsida. De øvrige kjem via Facebook og andre søkemotorar.

### 5.1 Maritim karrieredag

Maritim karrieredag er eit anna tiltak for å bygge og utvikle merkevara Fagskulen Vestland. Denne er populær, og både reiarlag og Forsvaret står i kø for å kunne vise studentane kva dei kan tilby av moglegheiter. Dette er ein viktig rekrutteringskanal for reiarlaga. Fagskulen organiserer også ein sesjon for lynintervju for studentar og arbeidsgjevarar. I desse intervjuar vert det gjort fleire avtalar mellom partane, og viser at kvaliteten på fagskulen sine studentar er høgt verdsett i arbeidslivet.



Foto: Fagskulen Vestland

### 5.2 Samarbeid med forsvaret

Fagskulen Vestland, studiestad Austevoll, har etablert eit samarbeid med KNM Tordenskjold, Marinens skolesenter på Haakonsværn. Tolv lærarar har vore på studiestaden, der fagskulen deler si erfaring med digital undervisning og viser korleis terskelen kan senkast for å komme i gang. Fagskulen demonstrerte bruken av nye digitale klasserom i praksis.

Seminaret blei gjennomført på eit grunnleggande nivå, med vekt på praktiske demonstrasjonar og konkrete eksempel framfor teori. Målet var ikkje å vise avanserte system, men å vise kva som er tilstrekkeleg – og gjennomførbart. Dei digitale klasseromma blei brukt aktivt for å vise korleis same rom kan handtere ordinær undervisning, hybrid undervisning og opptak.



Foto: Fagskulen Vestland

Ein sentral del av dagen var bruk av KI som lærerassistent. Det blei vist korleis KI kan brukast til å utvikle undervisningsplanar, lage struktur for undervisningsøker og generere forslag til oppgåver og testar. Desse samarbeida viser noko om korleis fagskulen arbeider med å bygge og styrke merkevara si.

## 6.0 Fagskulen Vestland som kompetansepolitisk verkemiddel

Fagskulestyret arbeider strategisk med utvikling av skulen som heilskap, og med styrking av dei einskilde studiestadene. Det har i 2025 blitt akkreditert nye utdanningar, og fagskulen har fått utviklingsmidlar til å utvikle fleire. Tilboda vert utvikla på førespurnad frå arbeidslivet, og skal imøtekomme kompetansebehovet som arbeidslivet har i Vestland fylkeskommune.

Fagskulestyret er særleg oppteke av korleis det verdiskapande arbeidslivet i Vestland kan nytte den kompetanse Fagskulen Vestland tilbyr både til omstilling, ny teknologi og digitalisering. I 2025 har Fagskulen Vestland styrkt sitt utdanningstilbod knytt til det grønne skiftet gjennom ei rekke pågåande og nye prosjekt. Alle dei internasjonale prosjekta som fagskulen er aktiv i har det grønne skiftet som eit berande element. Både CaBatt-prosjektet (batteri) og H2CoVE-prosjektet (hydrogen) bidreg til omstilling og kompetansebygging i overgangen frå fossile til grønne energiløysingar. Det tredje internasjonale prosjektet som fagskulen er aktiv i, Fare Green, fokuserer på berekraftig og regenerativ småskaturisme, og styrker dermed fagskulen si rolle i satsinga på grønne næringar kor fokuset er sirkulær økonomi og forsvarleg ressursforvaltning.

I 2025 fekk Fagskulen Vestland finansiell støtte frå Vestland fylkeskommune til å utvikle ny fagskuleutdanning innan berekraftig reiseliv ved studiestad Hjeltnes.

I 2025 vart bransjeprogrammet «Energirådgevar» (10 studiepoeng) gjennomført to gonger, og «Sirkulær økonomi og ombruk» (10 studiepoeng) vart gjennomført éin gong. Desse bransjeprogramma er ein del av utdanninga «Grøn omstilling i byggebransjen» som er på 60 studiepoeng.

Fagskulen starta i 2025, i samarbeid med Kunnskapsparken Vestland, eit prosjekt for å sjå på årsaker til at byggebransjen signaliserer eit stort behov for kompetanseheving innan grøn omstilling, samstundes som få nyttar seg av tilboda som er utvikla. Fagskulen fekk i 2025 midlar til prosjektet frå fylkeskommunen. Resultata av dette prosjektet vert klart i 2026.

I 2025 fekk Fagskulen Vestland midlar frå HK-dir til å utvikle eit studium for byggdriftarar - «Energieffektivisering og automasjon i bygg». Målet er å gje fagarbeidarar kompetanse til å redusere energibruk i bygg. Studiet er utvikla i tett samarbeid med bransjen.

Fagskulen Vestland utvikla i 2025 utdanninga «Solenergi, lagring og fleksibilitet» (30 studiepoeng). Utviklinga er gjort etter tildeling av midlar frå HK-dir, og tildelinga inneheld også to gjennomføringar. Utdanninga vart utvikla i samarbeid med aktørar i energibransjen gjennom hausten 2025. Planlagt oppstart er våren 2026.

Fagskulen Vestland sin strategi går til 2027, men strategien er eit levande dokument som må reviderast jamleg. Sektoren står overfor endringar, og forventningane til skuleslaget aukar monaleg. Statsminister Støre var ute i Dagens Næringsliv i mai 2025, og omtala fagskulesektoren som Noregs neste utdanningsløft: «Nå får fagskolene en nøkkelrolle i å møte fremtidens kompetansebehov». Dei endringane som vart vedteke i Stortinget i mai 2025, er dei største endringane for fagskulesektoren i moderne tid.

Fagskulen Vestland skal følge opp dette i tett samarbeid med arbeidslivet i Vestland. Fagskulen Vestland har meldt til NOKUT at fagskulen vil søke om institusjonsakkreditering. Dette vil gje skulen større fleksibilitet.

Fagskulen vil vere aktiv i arbeidet med utviklinga av nivå seks og sju i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket. Fagskulen held fram med å utvikle kortare utdanningar innan tilskotsordningane Industrifagskulen og Bransjeprogram, og fagskulen kjem til å styrke arbeidet med internasjonalisering og mobilitet.

Fagskulestyret ser fram til ei tett og god samhandling med skuleeigar om å utvikle Fagskulen Vestland vidare, for å sikre at arbeidslivet på Vestland har rett kompetanse og skapar meir verdiar gjennom auka fokus på innovasjon og omstilling. Nøkkelen til å lykkast med dette er å gje endå fleire fagarbeidarar moglegheit til å auke kompetansen sin ved Fagskulen Vestland.

## 7.0 Tabellar

### 7.1 Økonomi

#### Årsrekneskap 2025

	2025	2024
<b>Tilskot (statleg)</b>	167 596 850	153 379 510
<b>Tilskot (Vestland fylkeskommune)</b>	20 060 750	21 213 000
<b>Studieavgift</b>	7 235 500	6 822 170
<b>Administrasjon og leing</b>	(26 745 173)	(25 693 380)
<b>Undervisning (inkl. undervisningsleiarar)</b>	(153 175 159)	(153 805 274)
<b>Overført til investeringar</b>	(9 143 456)	(436 706)
<b>Oppdragsverksemd</b>	2 325 586	1 479 260
<b>Årsoppgjersdisposisjonar - meirforbruk</b>	-	(1 631 714)
<b>Prosjekt:</b>		
<b>Overført frå bundne fond</b>	35 409 264	28 131 395
<b>Endring i prosjekt i arbeid</b>	19 758 535	10 206 371
<b>Overført til bundne fond</b>	(55 842 795)	(35 409 264)
<b>Mindreforbruk</b>	<b>7 479 902</b>	<b>4 255 368</b>

Tabell 5: Årsrekneskap for 2025.

#### Investeringsrekneskap

	2025	2024
<b>Investeringsmidlar</b>	876 000	932 000
<b>Overført frå driftsrekneskap</b>	9 143 456	436 706
<b>Totalsum investeringar (drift og prosjekt) - undervisning og administrasjon</b>	<b>10 019 456</b>	<b>1 368 706</b>

Tabell 6: Investeringsrekneskap.

#### Tilskotsversikt

	Statleg tilskot	VLFK	Totalt
<b>Tilskot</b>	159 652 737	20 060 750	179 713 487
<b>Styrking driftstilskot</b>	5 000 000	-	5 000 000
<b>Styrking gjennom midlertidige studium</b>	900 000	-	900 000
<b>Nye studieplassar</b>	2 044 113	-	2 044 113
<b>Totalsum</b>	<b>167 596 850</b>	<b>20 060 750</b>	<b>187 657 600</b>

Tabell 7: Tilskotsversikt.

## Prosjektmidler

Prosjektnamn	Tilskotsgevivar	Tilskot, NOK
<b>Handverksysting</b>	Landbruksdirektoratet	2 000 000
<b>Havbrukshorisont 2.0</b>	HK-dir	1 522 245
<b>Frå fagarbeidar til innovatør</b>	HK-dir	1 375 000
<b>Næringslab</b>	HK-dir	2 277 500
<b>Portabelt maskineringsutstyr</b>	HK-dir	2 000 000
<b>Energieffektivisering og automasjon i bygg</b>	HK-dir	985 000
<b>Oppgradering boresimulator</b>	HK-dir	650 000
<b>Oppgradering av brosimulator</b>	HK-dir	4 550 000
<b>Målrretta bruk av kunstig intelligens</b>	HK-dir	1 705 012
<b>Solenergi, lagring og fleksibilitet</b>	HK-dir	5 000 000
<b>Leiling på byggeplass for fagarbeidar</b>	HK-dir	1 850 000
<b>Teamleiling for fagarbeidar</b>	HK-dir	2 645 618
<b>Berekraftig reiseliv</b>	VLFK	400 000
<b>Erasmus+ mobilitet 25-26 (finansiering i EURO)</b>	HK-dir	1 227 600
<b>Senter for nyskapende utdanningar (SNU)</b>	Samarbeid m/ Fagskolen Rogaland	720 000
<b>Til saman</b>		<b>28 907 975</b>

Tabell 8: Oversikt over nye prosjekt med ekstern finansiering i 2025.

## 7.2 Nye studieplassar

Utdanningstilbod	Tal studieplassar søkt (H)	Tal studieplassar innvilga (H)
<b>Elkraft</b>	56,8	0
<b>Grøn omstilling i byggebransjen</b>	2,5	0
<b>Industriell isolering</b>	15	15
<b>Gastronomisk reiseliv</b>	15	0
<b>Norsk pommelierutdanning</b>	15	0
<b>Handverksysting - verdiskaping i mjølkeforedling</b>	7,5	0
<b>Robotteknologi</b>	19,43	13,4
<b>Solenergi</b>	20,1	20,1

Tabell 9: Oversikt over søknad og tildeling av nye studieplassar i heiltidsekvivalentar (H) hausten 2025.

## 7.3 Studenttal og studiepoengproduksjon


### Utvikling 2024-2025

Studiestad	Tal studentar			Studiepoengproduksjon		
	Vår 2024	Haut 2024	Vår 2025	Vår 2024	Haut 2024	Vår 2025
Austevoll	40	50	45	1623		1990
Førde	505	480	505	15381		14839
Hjeltnes	35	55	70	1116	580	582
Måløy	50	70	70	2904		4450
Nordnes	915	980	935	23195	1940	32548
Nygård	145	150	145	7562	148	8779
Odda	15					
Stord	50	70	85	2866	290	2194
Voss	65	65	60	1814		1686
<b>Sum</b>	<b>1830</b>	<b>1930</b>	<b>1910</b>	<b>57295</b>	<b>2958</b>	<b>67068</b>

Tabell 10: Oversikt over utviklinga av antal studentar og studiepoengproduksjon 2024/2025 (DBH 2025).

## 7.4 Organisasjons- og leiarstruktur

Fagskulen Vestland var i 2025 organisert med éin rektor og to prorektorar. Prorektor for utdanning er pedagogisk leiar og har personalansvar for utdanningsleiarane i Måløy og Førde, i tillegg til ansvaret for avdeling for etter- og vidareutdanning (EVU-avdelinga). Prorektor for organisasjon og samhandling leiar den administrative delen av organisasjonen og har personalansvar for stab og administrasjonsleiar.



Figur 1: Organisasjons- og leiarstruktur for Fagskulen Vestland pr. 31.12.2025.